



Halsnøy ved Myklebust kai ein søndag ettermiddag i 1976 før avgang til Os

Mange i Uskedalen hugsar sikkert Kvinnheradruta og MS Halsnøy. Denne ruta var den raskaste vegen til Os og Bergen i mange år. Harald Sætre la for eitt år sidan ut ein film på You Tube om båten i Kvinnheradruta der Sandakaien i Uskedalen er med. Men filmen var av dårleg kvalitet.

No har Sætre fått digitalisert filmen og resultatet er av langt betre kvalitet. han har lagt den ut att på You Tube og nederst finn du linken:

Halsnøy er forresten framleis i drift, fortel Sætre. Den er restaurantbåten MS Sagafjord i Roskilde. Båten er sterkt ombygd og det skal eit godt auga til for å sjå at det er den gamle HSD-båten frå 1957 som og var første bilferja over Bjørnefjorden dette året. Den tok 6-8 bilar. Kontrasten til dagens gassferjer er stor, konstaterar båtentusiasten frå Uskedalen. Halsnøy vart bygd i Risør.

Av Ola Matti Mathisen

<http://www.youtube.com/watch?v=ZYKKUadAzsA>